

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Ber om tilleggsinformasjon - Dispensasjonssøknad, gnr. 58, bnr. 177, Alver kommune. Omsynssone H570 Den indre farleia - Kulturlandskap av nasjonal interesse.

Vi viser til dykkar brev av 03.04. 2020 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde sak. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune vurderer saka som regionalt kulturminnemynde. Søknaden gjeld riving av eksisterande våningshus og løe, samt oppføring av nytt bustadhus og tilkomstveg.

Vidare viser vi til vår e-post av 08.04. 2020 der vi gjer merksam på at vi må be om tilleggsinformasjon i saka.

Det er potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i området. Dyrka mark har potensiale for funn av åkrar og gardstun frå bronse-, jarn- og mellomalder. Det må gjennomførast ei synfaring på staden når tilstrekkeleg dokumentasjon er mottatt, slik at vi kan vurdere behovet for ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9.

Automatisk freda kulturminne

Like ved den omsøkte vegen og i nærleiken av omsøkte nybygg ligg eit automatisk freda kulturminne, ein gravhaug frå jernalder med Askeladden id. 45456. Det automatisk freda kulturminnet er ikkje vist i søknad som er sendt inn. I denne saka skal vi vurdere om summen og omfanget av tiltaka vil endre området sin karakter/landskapsrom i ein slik grad at dei vil vere utilbørlig skjemmaende for det automatisk freda kulturminnet, jf. kulturminnelova § 3. For å kunne vurdere dette må saka vere tilstrekkeleg opplyst før me kan gje vårt fråsegn.

Vegen som er vist på innsendt situasjonsplan har eit stort omfang. Vi kan ikkje sjå at breddene og den totale lengda til vegen er vist. Delar av vegen er òg vist ut i marka, vekk frå det omsøkte nybygget. Så langt vi kan sjå vil omsøkte plassering av vegen krevje terrenginngrep. Omfanget av desse inngrepa må visast på målsatte snitt - teikningar og på målsatt situasjonsplan.

Vi ber om at det vert sendt inn:

- Ei utgreiing som vise behovet for den delen av vegen som går ut i marka nord for omsøkte nybygg.
- Ei utgreiing som viser behovet for ein veg av eit slikt omfang i tilknytning til omsøkte bustadbygg.
- Ein målsett situasjonsplan som viser dei ulike breiddene til vegtraseen og den totale lengda. Gravhaugen med tilhøyrande sikringssone skal også visast på situasjonsplanen.
- Eventuelle terrenginngrep skal visast på snitt teikning(ar), og situasjonsplan.
- Illustrasjonar/foto som skildrar den estetiske verknaden dei omsøkte tiltaka vil ha på gravhaugen, og som visualiserer både nærverknad og fjernverknad.



Figur 1. Utsnitt av Innsendte situasjonsplan



Figur 2. Ortofoto som visar automatisk freda kulturminne

Nyare tids kulturminne

Eigedomen ligg innafør området Den indre farleia (Askeladden-ID K416), som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

Den indre farleia er i kommuneplanens arealdel lagt inn som omsynssone kulturmiljø (SOSI-kode H570). I følgje planen sine føreseger og retningslinjer er omsynssoner H570 « (...) område med kulturminne og kulturmiljø av særskilt verdi, og som skal ivaretakast for framtida.» Vidare står det for omsynssonene som ligg inne i kommuneplanens arealdel:

«Eksisterande verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på og ikkje rivast. Ved utarbeiding av reguleringsplan eller søknad om løyve etter pbl. §§20-1 til 20-8 skal tiltaket skje på vernet sine premisser og innanfor kulturminne/miljøet si tolegrense for endring. Det gjeld særleg tilpassing til bygningane si plassering i tun eller terreng, utforming, hovudkonstruksjonar, takform, fasadar, materialbruk og fargebruk. Ved søknad om løyve til tiltak kan kommunen vurdere å gje mellombels forbod om tiltak. Søknad om løyve til tiltak skal innehalde ein arkitektonisk, kulturhistorisk og estetisk omtale som viser korleis tiltaket tek omsyn til verneføremålet.»

Og vidare står det spesifisert for omsynssone H570 Den indre farleia:

«Kvalitetane i omsynssona for Den indre farleia skal sikrast gjennom ei restriktiv haldning til større inngrep i form av faste eller flyttbare bygningar, konstruksjonar og anlegg, og til andre større inngrep i landskapet. Det skal særskild takast omsyn til følgjande element:

- *Kultivert lyngheilandskap*
- *Skogfattig landskap og store myrer*
- *Små og store landskapsrom som pregar det langstrakte landskapet med landtunger og øyer*
- *Kyrkjestadene, særleg i den grad dei er synlege frå leia*
- *Kulturminne som visar tidlegare vestlandsk byggeskikk: Lemstover, samanbygde hus, bygningar/anlegg med bruk av stein som byggemateriale*
- *Bøkeskog frå vikingtida*
- *Kulturminne knytt til den viktige, heilårsopne ferdselsåra (mellom anna dampskipskaiene, Lindås sluser og post-, gjestgjevar- og handelsstader)*

Alle reguleringsplanar og større tiltak innanfor omsynssona, som kan verke inn på eit kulturminne eller forholdet mellom kulturminnet og den indre farleia, skal planleggast, prosjekterast og utførast slik at tiltaket har gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til funksjonen til tiltaket og omgjevnadane. Det skal takast omsyn ved plassering og utforming, for å unngå negative estetiske og miljømessige konsekvensar. Ved regulering/søknad skal desse innehalde illustrasjonar/foto som i naudsynt grad skildrar den estetiske verknaden til tiltaket, og visualiserer nærverknad og fjernverknad.»

Vi ber om at det vert sendt inn:

- Illustrasjonar/foto som skildrar den estetiske verknaden til dei omsøkte tiltaka, og som visualiserer både nærverknad og fjernverknad.

Det eksisterande våningshuset si plassering i terrenget er etter vår vurdering meir tilpassa omgjevnadene enn det nye tiltaket slik det kjem fram i søknaden.

Den innsendte søknaden er ikkje tilstrekkeleg opplyst i høve dokumentasjon av bygningane som er søkt reven, men vi har gjennom ein av bygningsvernkonsulentane våre fått meir informasjon og ei vurdering av tilstanden til bygningane. Våningshuset som er opplyst å vere frå 1926 er ei lemstove som i følgje våre opplysningar er ganske intakt og mogeleg å sette i stand. Sjølv om det er vurdert som ressurs- og kostnadskrevjande å sette bygningen i stand, vil vi peike på at det òg er ressurs- og kostnadskrevjande å bygge ein heilt ny bustad. Det kan leggast til rette for ny bruk av det eksisterande våningshuset, og vi rår til at ein her ser på løysingar for tilbygg eller påbygg. Vi rår difor i frå at det vert gitt løyve til riving av våningshuset.

Lemstover er ein bustadtype som har høg kulturminneverdi. Dei vart det typiske vestlandske bustadhuset på 1800-talet, og veldig mange av desse bygningane er i ferd med å forsvinne. Dette uroar kulturminnemyndet, som meiner at både bygningsmiljøet og kulturlandskapet på bygdene vert forringa når lemstovene forsvinn. For å sikre denne bygningstypen for ettertida, er det fleire løysingar som bør vurderast med omsyn til tilrettelegging og istandsetting for ny bruk.

Kva gjeld garasjar, bør ein sjå på mogelegheita for å plassere desse der løa står i dag, eller gje driftsbygningen ny bruk som uthus og garasje.

- Vi ber om at det vert sendt inn ei vurdering av andre mogeleghe løysingar enn riving av våningshuset.

- Oversendinga av søknaden til Vestland fylkeskommune manglar kommunen si vurdering av dei omsøkte tiltaka. Vi ber om at dette vert sendt inn, og at det i vurderinga òg er inkludert eit fråsegn frå kulturavdelinga i kommunen.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar arealplan

Helene Moe
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Sakshandsamarar: Sigrun Wølstad, Helene Moe